



Jobbnorge-ID: 115112

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førstekonsulent (digital produksjonsmedarbeidar) ved Det juridiske fakultet

Ved Det juridiske fakultet er det ledig ei fast stilling som førstekonsulent / digital produksjonsmedarbeidar tilknytt Dragefjellet lærings- og formidlingssenter.

Det juridiske fakultet har sidan våren 2012 tatt i bruk stadig fleire digitale hjelpemiddel som pedagogiske verktøy i utdanning og til å fremme forskingsformidling. Arbeidet starta i prosjekt, men er på veg inn i ein driftsfase. Det juridiske fakultet har ca. 110 tilsette og ca. 2 000 studentar. Masterprogrammet i rettsvitenskap er det 4. mest populære av alle utdanningar i Noreg.

Det juridiske fakultet <http://www.uib.no/jur>

Dragefjellet lærings- og formidlingssenter <http://www.uib.no/df>

Stillinga har hovudvekt på arbeid knytt til produksjon av digitalt materiale til undervisning, forskning, formidling og profilering. Arbeidet omfattar planlegging, gjennomføring og etterarbeid av større og mindre produksjonar. Den som vert tilsett skal bidra til å utvikle rutinar og forbetre interne prosessar på området. Til stillinga ligg det også å bidra i opplæring av fakultetet sine tilsette i bruk av digitale hjelpemiddel. Senteret tar også på seg oppdrag for andre fagmiljø, så den som vert tilsett skal samarbeide med personar frå ulike fagmiljø og avdelingar ved universitetet.

Den som vert tilsett kan også få andre administrative og tekniske oppgåver.

Stillinga vil rapportere fagleg til visedekan for digitalisering og administrativt til seksjonssjef for studieseksjonen.

Kvalifikasjonar

- bachelorgrad innafor relevant fagområde
- relevant erfaring frå arbeid med digitale produksjonar i universitets- og høgskulesektoren
- erfaring frå tv/film-produksjon, forskingsformidling, nettbasert formidling
- erfaring med og interesse for ny digital formidlingsteknologi
- erfaring med prosjektleiing/koordinering
- pedagogisk erfaring
- kan nytte begge målformer og engelsk munnleg og skriftleg (norsk arbeidsspråk)

Personlege eigenskapar

- du er motivert, nysgjerrig, opptatt av å finne gode løysingar og har god arbeidskapasitet
- evne til sjølvstendig og målretta oppfølging og gjennomføring av arbeidsoppgåver
- evne til prioritering og god orden
- gode kommunikasjons- og samarbeidsevner, du arbeider godt i team og kan leie andre
- kan halde oversyn over fleire parallelle prosessar hos deg sjølv og andre

Vi kan tilby

- fast stilling innafor nybrottsarbeid, der du skal bidra til utvikling
- ein kunnskapsrik og engasjert organisasjon med deltaking i mange spennande prosjekt
- høve til kompetanseutvikling
- fleksitid og gode velferdsordningar: www.uib.no/poa/karriere-ved-uib

Løn etter lønssteg 50 - 54 (Førstekonsulent kode 1408/LR 21), etter kvalifikasjonar og tenesteansiennitet. For særleg godt kvalifiserte søkjarar kan ein vurdere høgare lønn.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Visedekan for digitalisering Knut Martin Tande tlf. 901 05 126, e-post knut.tande@uib.no,

fakultetsdirektør Øystein L. Iversen tlf. 945 03 953, e-post oystein.iversen@uib.no eller seksjonssjef for studieseksjonen Christine Stoltz Olsvik tlf. 911 47 401, e-post christine.olsvik@uib.no.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad avspegle mangfaldet i folket. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders-

og kjønnsamansetning og rekruttere personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn. Personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn vert oppmoda til å søkje stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk frå denne sida: «Søk denne stillinga».
Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om det.

Søknadsfrist: 23. juni 2015

Søknaden skal merkast 15/6454

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: